



Møteprotokoll

Utval	Eldrerådet
Møtestad	Rådhuset
Dato	07.05.2026
Tidspunkt	kl 09:30 - 13:15

Frammøtte

Alf Henning Evjestad

Arne Midtun

Inger Beate Dalheim

Jan Kåre Norberg

Liv Helen Nystuen

Marta Marie Bukve

Sigfred Haugen

Geir Arve Sandvik (observatør)

Andre som møtte i fellesmøtet:

Kommunedirektør Jon Bolstad, folkehelsekoordinator Britt Veum Hauge, kommunalsjef John Olaf Røhme, kommuneplanleggar Amanda Rødstrøm, ass. kommunedirektør Ole Gunnar Krakhellen, økonomisjef Odd Harald Dommersnes, leiar i Luster pensjonistforbund Malvin Moen, sekretariatet v/Mona Jacobsen og Anita Bjørk Ruud.

I eldrerådet sitt møte:

Leiar i Luster pensjonistforbund Malvin Moen, sekretariatet v/Anita Bjørk Ruud.

Underskrifter:

Jan Kåre Norberg
leiar

Alf Henning Evjestad

Arne Midtun

Saksliste

Saknr	Sakstittel
18/26	Konstituering av møte
19/26	Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte
20/26	Orienteringar, drøftingar og open post
21/26	Helse- og omsorg mot 2030. Val av alternativ og føringar for nytt bygg
22/26	Kommuneplanen sin arealdel - handsaming i råda
23/26	Områdeplan Hafslo. Handsaming i råda
24/26	Høyring - Veteranplan for Sognaregionen
25/26	Eldredag 2026, førebuing
26/26	Referatsaker

18/26 Konstituering av møte

Eldrerådet 07.05.2026

Handsaming

- Opprop, *alle medlemane møtte, og Malvin Moen i Luster pensjonistforbund vart ønska velkomen.*
- Godkjenning av innkalling, *ingen merknad.*
- Godkjenning av sakliste, *ingen merknad.*
- Alf Henning Evjestad og Arne Midtun vart føreslegne til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte. *Dei vart samrøystes valde.*

ELD - 18/26 vedtak

Alf Henning Evjestad og Arne Midtun vert valde til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte.

19/26 Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte

Eldrerådet 07.05.2026

Handsaming

Det var ikkje merknad til protokoll frå sist møte.

ELD - 19/26 vedtak

Protokoll frå sist møte, den 16.03.26 vert referert utan merknader.

20/26 Orienteringar, drøftingar og open post

Eldrerådet 07.05.2026

Handsaming

- Innleiing v/kommunedirektør Jon Bolstad, om Lustramarknad, BuLust, Ormelid, Kommunebarometer. Sjå samlepresentasjon.
- Folkehelseprofilen v/Britt Veum Hauge. Sjå folkehelseprofilen.
- Helse- og omsorg mot 2030 v/John Olaf Røhme, sjå samlepresentasjon
- Oppdatering kommuneplanen sin arealedel v/Amanda Rødstrøm, sjå presentasjon KPA
- Områdeplan Hafslo og sentrumsplan Gaupne v/Ole Gunnar Krakhellen, sjå presentasjon områdeplan
- Økonomi, rekneskap v/økonomisjef Odd Harald Dommersnes, sjå samlepresentasjonen.

Eldrerådet:

- Inger Beate informerte frå møte 23.3 Bu trygt heime. Mykje gruppediskusjonar. Presentasjonar og oppsummering frå samlinga vert lagt ved saka.
- Demensvenleg kommune. Administrasjonen undersøker om det er mogleg å få informasjon på eit møte til hausten, m.a frå Anne Grethe Fredheim Bergum og Synne Liljedal frå Frisklivssentralen.
- Avtalar skyss til regionmøte for eldreråda i Årdal den 11. mai, sjå referatsak. Jan Kåre Norberg og Alf Henning Evjestad køyrer. Avreise frå Prix kl. 07.45.

Open post:

Det vart ikkje teke opp noko på open post.

ELD - 20/26 vedtak

Eldrerådet takkar for interessante orienteringar og tek dei til vitande.

21/26 Helse- og omsorg mot 2030. Val av alternativ og føringar for nytt bygg

Kommunedirektøren si tilråding:

Nytt helse – og omsorgssenter:

1. Nytt helse- og omsorgssenter vert planlagt og utvikla i tråd med mediumalternativet, slik dette er greidd ut i saka
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre anskaffing av totalentreprenør og utarbeide forprosjekt.

3. Det vert lagt til grunn ei total kostnadsramme på 765 mill. kr for prosjektet. Ramma vert innarbeidd i økonomiplanen, med atterhald om endeleg investeringsvedtak etter gjennomført forprosjekt.
4. For å redusere presset på kommuneøkonomien vert det henta 100 mill. kr frå kommunen sitt disposisjonsfond til finansiering av prosjektet.
5. Gjennom forprosjektet skal prosjektet utviklast innfor ei økonomisk ramme der Luster kommune sitt lånebehov for investeringa ikkje overstig 371 mill. kr.
6. Utarbeidd miljøprogram skal vere styrande for vidare planlegging, prosjektering og gjennomføring av prosjektet.
7. Kommunedirektøren kjem attende til kommunestyret med sak om endeleg investeringsvedtak og kostnadsramme etter gjennomført forprosjekt.

Gaupne omsorgssenter:

8. Fornyng av Gaupne omsorgssenter vert planlagd og utvikla i tråd med mediumalternativet, slik dette er greidd ut i saka.
9. Kommunedirektøren kjem attende til kommunestyret med sak om endeleg investeringsvedtak og kostnadsramme etter gjennomført forprosjekt.

Helsesenteret:

10. Kommunedirektøren kjem attende til kommunestyret med sak om etterbruk av Helsesenteret. Vurderingstema kan vere: NAV/Tenestekontor/transformasjon til bustader.

Eldrerådet 07.05.2026

Handsaming

Råda fekk informasjon frå administrasjonen om saka.

Eldrerådet drøfta saka. Framlegg i møtet vart samrøystes vedteke.

ELD - 21/26 vedtak

Eldrerådet er positive til tilrådinga om at nytt helse- og omsorgssenter vert planlagd og utvikla i tråd med mediumalternativet, slik det er utgreidd i saka og vart informert om i møtet.

22/26 Kommuneplanen sin arealdel - handsaming i råda

Eldrerådet 07.05.2026

Handsaming

Eldrerådet sin uttale i tidlegare handsaming av kommuneplanen sin arealdel: *“Eldrerådet vil rå til at det blir lagt til rette for bustader for eldre og uføre i sentrumsområda, både for kjøp og for leige.”*

Råda fekk informasjon frå administrasjonen om saka, om endringar i planen frå tidlegare utleggingar av planen. Sjå presentasjon vedlagt i sak 20.
Framlegg i møtet vart samrøystes vedteke.

ELD - 22/26 vedtak

Eldrerådet er positive til tilrettelegging av nye turstiar.

23/26 Områdeplan Hafslo. Handsaming i råda

Eldrerådet 07.05.2026

Handsaming

Råda fekk informasjon frå administrasjonen om saka, og fekk sjå skisse over kva som kjem på høyring. Sjå presentasjon vedlagt i sak 20.

Framlegg i møtet vart samrøystes vedteke.

ELD - 23/26 vedtak

Eldrerådet meiner at det er lite uteområde for alle borna i skule og barnehage på Hafslo. Dersom det vert bygd fotballhall, må det vere mogleg for skule og barnehage å få bruke hallen slik dei brukar området i dag.

Det er positivt at bussar til/frå Eikum hotell får eiga busslomme i tilknytning til billagstomta og kjem vekk frå elevane sitt trafikkareal til/frå skulen.

Eldrerådet meiner at vareleveringa til Eikum bør vekk frå trafikkarealet til/frå skulen, og heller føregå inne på Eikum sitt areal i tunet framfor hotellet.

24/26 Høyring - Veteranplan for Sognaregionen

Eldrerådet 07.05.2026

Handsaming

Framlegg i møtet vart samrøystes vedteke.

ELD - 24/26 vedtak

Eldrerådet er positive til etablering av veteranplan.

25/26 Eldredag 2026, førebuing

Eldrerådet 07.05.2026

Handsaming

Eldrerådet drøfta saka, undersøkte kapasitet og kom til at det er Fjordstova og Eikum som er aktuelle som arrangørar. I 2026 vert eldredagen arrangert på Eikum hotell den 1. oktober. Glimmer Duo er tidlegare bestilt via Folkeakademiet. I tillegg ynskjer eldrerådet at det blir undersøkt om Frisklivssentralen kan informere om aldring og helse, fysisk aktivitet, kva tilbod som finst. Vidare er det ønskje om kommunal informasjon helse- og omsorg, "rikets tilstand", anna relevant informasjon for eldre.

ELD - 25/26 vedtak

Ut frå drøftingane i møtet arbeider administrasjonen med å førebu eldredagen og eldrerådet gjer siste førebuingar i møtet sitt den 14. september.

26/26 Referatsaker

Eldrerådet 07.05.2026

ELD - 26/26 vedtak

Referatsak vert teke til orientering.